



HYLLESTAD KOMMUNE

Kommuneplan

2009 – 2020

FØREORD

Plan- og bygningslova av 14.06.1985, § 20-1, (tilsv. PBL av 27.06.2008, § 11-1) pålegg kommunen å utarbeide ein kommuneplan.

Planen skal innehalde ein langsiktig og ein kortsiktig del. Den langsiktige delen omfattar mål for utviklinga i kommunen, retningslinjer for sektorane si planlegging, og ein arealdel for forvaltinga av areal og andre naturressursar. Den kortsiktige delen omfattar samordna handlingsprogram for sektorane si verksemd dei næraste åra.

Kommuneplanlegginga skal byggje på dei økonomiske og andre ressursmessige føresetnader for gjennomføring.

Kommuneplanen skal leggest til grunn ved planlegging, forvalting og utbygging i kommunen (PBL § 20-6).

Kommuneplanlegginga må ta omsyn til rikspolitiske vedtak og retningslinjer, og fylkeskommunalt planverk. Fylkesplanen er retningsgjevande for kommuneplanlegginga. Fylkesdelplan for arealbruk er den planen som legg mest direkte føringar for kommuneplanen.

Kommunestyret har det overordna ansvaret for kommuneplanlegginga. Formannskapet er planutval i kommunen vår. Administrasjonssjefen har det overordna administrative ansvaret for kommuneplanlegginga, medan underteikna har vore saksbehandlar i saka.

Gjeldande kommuneplan er frå 1999. Kommunestyret vedtok å starte ein revisjon av planen alt i 2002, og vedtok mål og retningslinjer for revidert plan i 2003. Grunna ressursmangel vart arbeidet med arealdelen liggande ugjort til sommaren 2007. I mellomtida har det komme nye krav til planprosess, som har medført at gjennomføringa av revisjonen har teke lengre tid enn føresett. Kommunestyret vedtok planen 1.10.2009, og planen gjeld frå 21.10.2009 då Fylkesmannen fråfall motsegna si mot det nye hytteområdet på Åsmul. Den langsiktige delen av planen gjeld fram til 2020, eller til ny plan vert vedteken.

Under arbeidet med denne planen kom det ny Plan- og bygningslov 27.06.2008, og plandelen i lova vart sett i kraft frå 1.07.2009. Då planen var lagt ut for offentleg ettersyn siste gong før den nye lova var sett i kraft, er planvedtaket gjort med heimel i PBL av 1985.

Plandokumentet er etter måten kortfatta, særleg dei delane som går på mål og handlingsprogram. Dette har samanheng med dei ressursmessige føresetnadene kommunen har for å gjennomføre både planprosessen og planen. Skildringa av no-situasjonen ved inngangen til den nye planperioden har fått relativt stor plass. Dette er gjort fordi nettopp denne avdekkar dei mest aktuelle problemstillingane og utfordringane vi står overfor med tanke på framtida.

Hyllestad, november 2009

Bjørn Ivar Hjelmeland

INNHALD

	Side
1. Planføresetnader	4
1.1. Fysiske føresetnader	4
1.2. Folketal	4
1.3. Busettingsmønster og bustadbygging	5
1.4. Samferdsel	6
1.5. Næringsliv	6
1.6. Sysselsetting og inntekt	8
1.7. Lokalsamfunn – frå faste til flytande grenser	8
2. Kommunen – organisasjon, økonomi og tenesteyting	9
2.1. Organisasjon	9
2.2. Økonomi og tenestyting	9
3. Mål for utviklinga i kommunen	11
3.1. Mål	11
3.2. Satsingsområde	11
4. Retningslinjer	12
5. Handlingsprogram for sektorane si verksemd	13
5.1. Handlingsmål	13
5.2. Underordna planverk	14
6. Arealdelen	15
6.1. Rettsverknad	15
6.2. Særskilde føringar	15
<i>Føresegner</i>	17

1. PLANFØRESETNADER

1.1. FYSISKE FØRESETNADER

Hyllestad kommune vart skipa i 1861 og er samansett av bygder som tidlegare tilhørte tre andre kommunar. Kommunen er avgrensa av Fjaler kommune i nord, Høyanger kommune i aust, Sognefjorden i sør og Nordsjøen i vest. Landskapet er typisk for ytre fjordbygder på Vestlandet. Det utprega kystlandskapet finn ein berre lengst nordvest i kommunen. Klimaet er typisk for kysten, med kort vinter, liten temperaturskilnad gjennom året, og årsnedbør på over 2.000 mm.

Kommunen har ei flatevidde på omlag 260 km², og av dette er 10 km² jordbruksareal, 92 km² produktiv skog, 141 km² anna landareal, 9 km² ferskvatn og 8 km² øyar i sjøen. Kystlina langs fastlandet er 118 km lang. Storparten av kommunen, omlag 230 km², ligg lågare enn 500 m o.h. Unntaka er grenseområda mot nabokommunane i nord og aust, og Lifjellet i sørvest. Høgaste punktet er Risnesnipa med 777 m o.h. Dei største vassdraga er Øna-, Trøsdals- og Bøfjordvassdraget.

Åfjorden går frå kysten og aust- og litt sørover til kommunesenteret Hyllestad. Nord og sør for denne ligg dei mindre fjordane Skifjorden og Lifjorden med same hovudretning. I søraust går fjordarmen Bøfjorden nordover frå Sognefjorden til bygdesenteret Leirvik.

Geologien i kommunen er mangearta. Førekomstane av glimmerskifer, kvit trondhjennitt (granodioritt) og eklogitt er dei økonomisk mest interessante. Elles finst her m.a. marmor/kalkstein, og uttak av gneiss og granitt kan også bli aktuelt. Økonomisk nyttbare lausmassar (sand og grus) finst her lite av.

Av skogarealet er 10 % gran, 70 % furu og 20 % lauvskog. Furuskogen er meir dominerande og innslaget av gran noko mindre her enn i dei fleste kommunane i fylket og landsdelen. 56 km² av skogarealet er rekna som økonomisk drivverdig. Dette omfattar heile granarealet, omlag halve furuarealet og 3 fjerdedelar av lauvarealet. Produksjonsevna til desse areala er i gjennomsnitt litt over middels, mest pga. klimaet med lang vekstsesong og rikeleg nedbør.

1.2. FOLKETAL

Ved inngangen til 2008 var innbyggartalet i Hyllestad kommune 1.505.

For 50 år sidan var folketalet omlag 2.000. Fram til midten på 1960-talet minka talet med 200. I desse åra var det eit fødselsoverskot på 4-5 personar pr. år, men netto utflytting pr. år var omlag 33 personar.

Fram til midten av 80-åra var så folketalet stabilt på omkring 1.800. I denne 20-årsbolken var fødselsoverskotet minimalt, men det same galdt netto utflytting.

Etter dette har folketalet minka med omlag 300 personar, eller 13 pr. år. Fram til for 10 år sidan skuldast dette i si heilheit netto utflytting, men dei siste 10 åra har vi fått eit fødselsunderskot på 7-8 personar pr. år, medan netto utflytting har minka tilsvarende.

Hyllestad kommune har eit stort kvinneunderskot i aldersgruppa 20-39 år. Her er høvet mellom tal kvinner og menn omlag 5:6, og dette er meir enn tre gonger så skeivt som gjennomsnittet for fylket. Ubalansen er klart størst i gruppa 20-24 år, der høvet er ned mot 1:2. I gruppa 25-34 år er skilnaden langt mindre, medan gruppa 35-39 år har eit lite kvinneoverskot.

Aldersgruppa 0-17 år utgjer 23,1 % av samla folketal. Dette er nokså likt landsgjennomsnittet. Gruppa 80 år og eldre utgjer 6,5 % av folketallet, som er noko høgare enn fylkessnittet på 5,8 og landssnittet på 4,7.

Innbyggjarar med innvandrar-bakgrunn utgjer knapt 5 % av samla folketal, som er nokså likt gjennomsnittet for fylket og vel halvparten av landsgjennomsnittet.

Ei framskriving grunna på middels verdiar for fruktbarheit, levealder, innanlandsk flyttenivå og netto innvandring, syner eit stabilt folketal i kommunen på omkring 1.500 fram til år 2025.

1.3. BUSETTINGSMØNSTER OG BUSTADBYGGING

Hyllestad er ein utprega landkommune med omsyn til busettingsmønster.

Det bur 5,8 personar pr. km² i kommunen. Dette er nokså likt talet for fylket, men berre omlag 40 % av landsgjennomsnittet. I folketal-statistikken er ingen av bygdesentera i kommunen rekna som tettbygd strøk, medan over halvparten av folket i fylket og over tre fjerdedelar i landet bur i tettbygde strøk.

Bustadmassen i kommunen er etter måten ny. Tre fjerdedelar av innbyggjarane bur i hus som er bygde etter 1961, medan talet for heile landet er to tredjedelar og fylkessnittet ligg omlag midt i mellom. 72,4 % av husstandane disponerar bil, og dette er så vidt over gjennomsnittet for fylket og landet. Mengde hushaldningsavfall i kg pr. innbyggjar er nokså lik den ein har i resten av fylket og omlag ein sjuandepart lågare enn landsgjennomsnittet.

Kommunen gjennomførte hausten 2006 eit ”bustad- og tomteprosjekt”. Næringsrådet og bustadstiftinga var og med i prosjektgruppa. Prosjektet registrerte ledige tomter og bustader i kommunen, samt tomter i regulerte område som ikkje er opparbeidde. Vidare vart det m.a. lagt fram oversyn over aktuelle nye tomteområde og vurdert om det kan setjast i verk bustadbyggings-prosjekt i privat eller kommunal/offentleg regi.

Her er 8 kommunale bustader for den vanlege utleigemarknaden, av desse 7 einebustader og eit rekkehus med 4 husvære. I tillegg er her kommunale trygdebustader med i alt 12 husvære. Hyllestad bustadstifting har utleigebustader med i alt 24 husvære. Alle desse og alle dei kommunale utleigebustadane var utleigde.

Vi har i dag regulerte kommunale bustadfelt på Sørbovåg, Hyllestad, Heggebøen, Ytre Bø og Eidsneset. Det vart registrert 55 ledige tomter i desse felta, og av desse er 15 utbyggingsklare, men prosjektgruppa vurderte berre 3 av dei som attraktive. I tillegg er her 14 ledige tomter i to private bustadfelt, og av desse 5-6 som er utbyggingsklare. Prosjektet føreslo i alt 7 nye bustadfelt rundt omkring i kommunen, stort sett med tanke på utbygging i privat regi. Desse vart utvalde ut frå avstand til arbeidsplass, butikk, kommunesenter/skule og barnehage.

Ein stor del av bustadbygginga hittil er spreidd på einskildtomter rundt omkring i kommunen.

1.4. SAMFERDSEL

Med omsyn til samferdsel ligg Hyllestad kommune sentralt til mellom Bergen i sør og Førde/Ålesund i nord, og med tverrsamband austover langs Sognefjorden. To riksvegar går gjennom kommunen. Riksveg 57 knyter kommunen til E39 i Knarvik i Nordhordland og Storehaug i Gaular. Veggen kjem inn i kommunen via ferjesambandet Rutledal – Rysjedalsvika, og går nordover til Fjaler grense i Skor.

Riksveg 607 tek av frå E39 i Lavik. Veggen kjem inn i kommunen ved Bekksneset og går vestover til Leirvik, Hyllestad og Salbu, og vidare nordover Ønadalen til Fjaler grense ved Horne. Veggen møter Rv. 57 ved Flekke i Fjaler. Elles er her eit brukbart utbygd nett av fylkesvegar i kommunen, men standarden er svært variert og til dels mangelfull på både riks- og fylkesvegane. I tillegg er her omlag 70 km kommuneveg.

Køyretida, rekna frå Hyllestad sentrum, er omlag 1,5 timar til Førde, 2,5 timar til Bergen og 9-10 timar til Oslo (medrekna ferjer). Frå Rysjedalsvika er det 6-7 daglege ferjeavgangar over Sognefjorden og 5-6 avgangar til Krakhella i Solund. Frå Lavik er det omlag 30 daglege avgangar over fjorden. Det er fleire daglege avgangar med ekspressbuss til Bergen, Ålesund og Trondheim frå Lavik, og til Oslo frå Vadheim.

Rysjedalsvika er stoppestad for ekspressbårutene Bergen – Sogn og Bergen – Nordfjord. Her er 2 daglege avgangar til Bergen og Indre Sogn, og 1-2 avgangar til Nordfjord. Reisetida er omlag 2 timar til Bergen, vel 2,5 timar til Sogndal og knapt 3,5 timar til Selje. Næraste flyplass er Førde lufthamn, omlag 1 t. 15 min. køyring unna. Her er det ruter til Oslo og Bergen, samt kortbanenettet i fylket.

1.5. NÆRINGSLEV

Industri

Hyllestad har ei unik historie som industri- og eksportkommune. I over 1.000 år (omlag år 700-1.930) var her steinproduksjon med kvernstein som hovudprodukt, og mykje av dette vart eksportert til store delar av Nord-Europa. Dette er truleg den eldste eksport-industrien i landet.

I næringsstatistikken er Hyllestad framleis rekna som ein industrikommune. Næringslivet i kommunen er no prega av ei anna stor og dominerande verksemd, skipsverftet Havyard Leirvik AS. Selskapet har omlag 200 fast tilsette, og medrekna underentreprenørar og leigearbeidarar har verksemda på det meste sysselsett omlag 700 personar. Elektrisk installasjon ved verksemda vart utskilt i eit eige selskap i Havyard-gruppa i 2003.

Skipsverftet ved Bøfjorden har vore den største næringsverksemda i kommunen stort sett så lenge det har funnest. Men medan drifta ved verftet berre har auka i omfang dei siste åra, har det vi hadde av småindustri minka ned mot null. Hyllestad er såleis i ferd med å bli ein stadig meir *einsidig* industrikommune.

Landbruk

Ferske arkeologiske funn syner at her var ei form for landbruk i kommunen alt for 6.000 år sidan og at her har vore landbruk *utan avbrot* i alle fall dei siste 4.000 åra. Landbruket er framleis den nest største næringa i kommunen. Jordbruksareal i drift utgjer 3,8 % av totalarealet. Dette er meir enn gjennomsnittet for fylket (2,6 %), og landet (3,4 %).

Jordbruket i kommunen er i det vesentlege grovfordyrking og husdyrhald, dominert av mjølkeproduksjon på kyr og kjøtproduksjon på storfe og sau.

I følge Tiltaksplan for skogbruk i Hyllestad kommune kan ein hogge 7.000 m³ i året utan å minske skogressursane. Berre omlag ein femtepart av dette har vore teke ut dei siste åra. Det er særleg viktig å ta ut grana som vart planta i skogreisningstida etter krigen, som no blir hogstmogen, samt hogge den dårlegaste furuskogen og få opp att skog med betre kvalitet.

Etter årtusenskiftet har tal driftseiningar i landbruket i kommunen minka raskare enn før, og auken i produksjon pr. driftseining er ikkje lenger stor nok til å kompensere for dette. Dette har m.a. samband med omlegging av driftstilskota dei siste åra, der ein har lagt til rette for større driftseiningar. Det meste av Vestlandet, og i særleg grad kommunen vår, er frå naturen best eigna for ein småbruksstruktur, då dei dyrka teigane er små, spreidde og lite lettbrukte. Samanslåing av driftseiningar er difor mindre rasjonelt her enn i andre landsdelar.

Etter at totalproduksjonen i næringa var nokså stabil i 1990-åra, minka mjølk- og kjøtproduksjonen i kommunen med omlag 30 % på berre fem år. Med bakgrunn i dette og låg aktivitet i skogbruket, samarbeidar dei lokale faglagane i næringa med kommunen om eit "primærnærings-prosjekt" i åra 2006-9. Formålet er å oppretthalde mest mogleg av mjølk- og kjøtproduksjonen, auke skoghogsten og stimulere til utvikling av tilleggsnæring innan t.d. småkraftverk, bioenergi og utmarksbasert reiseliv.

Havbruk

Fiskeoppdrett, og då særleg matfiskanlegg for laks, har vore ei viktig næring for kommunen i fleire tiår, og er det framleis. For 10 år sidan hadde vi 7 oppdrettsverksemder i kommunen. Som for landbruket, går utviklinga også i denne næringa i retning av færre og større driftseiningar, og større spesialisering. Etter ein del oppkjøp og samanslåing av selskap, flytting av konsesjonar, avvikling av lokalitetar og klarering av nye, har vi no att 2 store oppdrettarar. Dei har 9 godkjende lokalitetar for matfisk til rådvelde i kommunen. Det vi tidlegare hadde av settefiskanlegg og lakseslakteri, er nedlagt.

Her har også vore gjort fleire meir eller mindre varige forsøk på skjelopdrett, både blåskjel og kamskjel, på 3 godkjende lokalitetar. Berre 1 av desse er framleis i bruk. Tradisjonelt næringsfiske finst ikkje lenger i kommunen og har knapt gjort det på ein mannsalder.

Reiseliv

Hyllestad har etter måten korte tradisjonar som reiselivskommune, men dei siste tiåra har særleg hytteutleige auka i omfang. Ein stor del av turistane kjem frå Tyskland, og ein del av dei er årvisse. Utleigeverksemda har i mange høve starta som tilleggsnæring på aktivt drivne gardsbruk. I nokre tilfelle er gardsdrifta nedlagd, medan utleigeverksemda framleis er i drift. Som landbruket har også denne næringa ein struktur med mange små driftseiningar. Utanom hytteutleiga er her 1 campingplass og 2-3 verksemder innan overnatting og servering.

Andre næringar

Ut over det som er nemnt ovafor, har kommunen eit stort sett lokalt retta næringsliv, likt det ein finn i dei fleste kommunar. Her er småverksemder innan kraftforsyning, masseuttak, bygg og anlegg, handverk, mekanikk, datafag, transport, handel, frisørfag og bankdrift.

1.6. SYSSELSETTING OG INNTEKT

Statistisk er arbeidsløysa i Hyllestad kommune minimal, og det gjeld for begge kjønn. For personar i yrkesaktiv alder er vi så nær full sysselsetting som det i praksis er mogleg å komme. Ein fare ved statistikken kan vere at han "kamuflerar" arbeidsløysa som utflytting. Uførepensjonistar utgjer 14 % av aldersgruppa 16-66 år, og det er 4-5 prosenteningar høgare enn gjennomsnittet for fylket og landet. Kommunen hadde i 2006 ei netto innpendling på 34 personar.

Syssettinga i kommunen er annleis fordelt på type næring enn det vi finn for fylket og landet samla. Fylket sine avvik frå landsgjennomsnittet er ytterlegare forsterka hjå oss. I Hyllestad er 10 % av dei yrkesaktive sysselsette i primærnæringane, medan gjennomsnittet for fylket er 7,8 % og for landet 3,4 %. For sekundærnæringane er talet for kommunen 33 %, for fylket 25,2 % og for landet 20,5 %. Når det gjeld tenesteyting blir såleis biletet omvendt. Tala er her 56,5 % for kommunen, 66,4 % for fylket og 75,6 % for landet.

Nesten ein tredjedel av dei yrkesaktive er sysselsette innan offentleg forvaltning. Denne delen er omlag like stor som for fylket samla, og omlag 3 prosenteningar høgare enn landssnittet.

Gjennomsnittleg bruttoinntekt pr. innbyggjar i kommunen var omlag 240.000 kr i 2006. Dette er omlag 24.000 kr mindre enn gjennomsnittet for fylket og 53.000 kr under landsgjennomsnittet. Inntektsskilnaden mellom menn og kvinner er langt mindre her (78.000 kr) enn gjennomsnittet for fylket (110.000 kr) og landet (135.000 kr).

1.7. LOKALSAMFUNN – FRÅ FASTE TIL FLYTANDE GRENSER

For 50 år sidan var kommunen inndelt i meir eller mindre klart definerte bygder, som Skifjorden, Øn, Hyllestad, Lifjorden, Bøfjorden, Åfjorddalen og Skor. Desse har gradvis mista det dei hadde av sentrumsfunksjonar og fellestenester. For omlag 15 år sidan vart 5 skulekrinsar samanslegne til 3, og omkring årtusenskiftet vart dei 3 krinsane til 1. I seinare år har mønsteret langt på veg gjenteke seg for barnehagane. Frå barnehagar i dei 5 "gamle skulekrinsane", er vi no nede i 3, og ein av dei er vedteken nedlagd frå sommaren 2009. Det er då att 1 barnehage i indre strøk (Leirvik) og 1 i ytre strøk (Øn). For daglegvarehandelen: same mønsteret igjen, 5 butikkar for 10 år sidan og no 3 (Sørbøvåg, Hyllestad, Leirvik). Andre døme finst på område som post, bank, m.fl.

Denne utviklinga har ikkje minst samanheng med utbygginga av samferdsla. Vegar har knytt kommunen i hop og nærare til omverda, offentlege rutetilbod er utbygde, og privatbilen har vorte eit allment transportmiddel. Nedgang i folketalet gjer det dessutan vanskelegare å oppretthalde heilt lokale institusjonar på alle område. Ei anna medverkande årsak er minkande inntekter i landbruket, som gjer at stadig fleire av gardbrukarane har anna arbeid utanom bruket, og då gjerne i ein annan del av kommunen eller i ein annan kommune. Til liks med andre yrkesgrupper er mange av dei i "heimbygda" berre i fritida. Dagleglivet til folk, med arbeid, skule, barnehage, leik og lagsliv, føregår over eit stadig veksande geografisk område, og med ulike grenser frå den eine aktiviteten til den andre. Det klart geografisk avgrensa bygdelivet er såleis i ferd med å bli bytt ut med lokalsamfunn med flytande grenser. Dette er også med på å legge føringar for kommune-planlegginga. Då den offentlege innsatsen lokalt føregår på kommunenivå, bør vi "tenkje kommune" framfor "bygd" i kommune-planlegginga.

2. KOMMUNEN – ORGANISASJON, ØKONOMI OG TENESTEYTING

2.1. ORGANISASJON

Fram til 1998 hadde Hyllestad kommune ein styringsmodell med hovudutval og tilhøyrande etatar. Kommunestyret vedtok då å legge ned hovudutvala, slik at vi no har to politiske organ: kommunestyre og formannskap, i tillegg til dei lovpålagde/avtalefesta organa arbeidsmiljøutval og administrasjonsutval.

Administrativt er kommunen leia av administrasjons-sjefen. Avgjerdsmynde som er delegert til administrasjons-sjefen, er i stor grad delegert vidare til teneste-leiarane i organisasjonen.

2.2. ØKONOMI OG TENESTEYTING

Kommunen har fått ein stadig strammare økonomi dei siste åra og står på Robek-lista. Statistikk for 2006 syner eit netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene på 1,6 medan gjennomsnittet for fylket og landet er 5,6 %. Netto lånegjeld pr. innbyggjar var 48.500 kr, som er nesten 7.000 kr meir enn gjennomsnittet for fylket og langt over det doble av landssnittet.

Statlege rammeoverføringar utgjer ein langt større del av brutto driftsinntekter i kommunen vår (41,4 %) enn for kommunane i fylket (25,5 %) og landet samla (17,7 %). Sals- og leigeinntekter utgjer omlag ein åttandepart av driftsinntektene, og det er omlag det same som for fylket og landet.

Hyllestad kommune har frå sommaren 2009 2 kommunale barnehagar, i Øn og Leirvik. Her er 1 grunnskule, i kommunesenteret. Folkebibliotek og kulturskule er plassert i kommunehuset.

Pleie- og omsorgstenesta har base i Hyllestad Omsorgsenter – Eiklund, Sørbovåg. Her er kommunale trygdebustader på Sørbovåg, Hyllestad og Heggebøen. Kommunen driv aktivitetssenter i Åfjorddalen. Primærhelsetenesta er lokalisert i kommunehuset. Her er det legekontor, helsesystem, jordmor, fysioterapiteneste og psykiatriteneste. I kommunehuset er det og fylkeskommunal tannklinikk.

Kommunen driv 3 vassverk, i Bøfjorden, Åfjorddalen og Hyllestad. Kommunalt vassverk for Sørbovåg er på planstadiet. Dette vil mellom anna avløyse eit mindre, privat vassverk. Kommunen har 1 brannstasjon, plassert i kommunesenteret. SUM (IKS) har nyleg bygd og sett i drift ein gjenbruksstasjon i Staurdalen, omlag midt mellom Leirvik og Hyllestad. Kommunen har nyleg etablert ein frivillighetssentral.

I 2006 brukte kommunen 8,7 % av brutto-utgiftene sine på barnehagedrifta. Dette er omlag som resten av fylket og vel 1 prosentening mindre enn landsgjennomsnittet. Grunnskulen stod for 18,9 % av brutto-utgiftene. Dette er 4-5 prosenteningar mindre enn gjennomsnittet for fylket og landet.

Derimot brukar kommunen ein større del av utgiftene på pleie og omsorg enn gjennomsnittet av kommunane i fylket og landet, 31,5 % mot 29,1 % og 26,3 %. Dette har m.a. samanheng

med at heile 67 % av alle innbyggjarar over 80 år i kommunen anten bur på institusjon eller mottek heimetenester. Gjennomsnittet for fylket er 57 % og for landet 51,3 %.

Også kommune-helsetenesta tek litt større del av brutto-utgiftene her, 5 % mot 4,5 % for fylket og 3,8 % for landet. Dette heng m.a. saman med at vi har fleire legar i høve til folketalet enn gjennomsnittet av kommunane. Ei felles årsak til det relativt høge utgiftsnivået i helse- og sosialsektoren, er alders-samansettinga til innbyggjarane, med relativt mange som er eldre enn 80 år. Innslaget av barnevern-tiltak er omlag som for kommunar flest, og del sosialhjelps-mottakarar er vesentleg mindre her enn for fylket og landet samla.

3. MÅL FOR UTVIKLINGA I KOMMUNEN

3.1. MÅL

- 1. Hyllestad skal vere ein god kommune å leve i for alle.**
- 2. Kommunen vil auke folketalet - særleg med tanke på ungdom og kvinner.**

3.2. SATSINGSOMRÅDE

Vi vil søkje å nå måla gjennom fylgjande satsingsområde:

- 1. Legge til rette for at fleire, og særleg ungdom, kvinner og utanlandske arbeidarar, skal kunne etablere seg i kommunen.**
- 2. Arbeide for ein utvida arbeidsmarknad.**
- 3. Skape identitet og trivsel, samt stimulere til optimisme og vekst.**
- 4. Hyllestad skal vere ein veldriven og utviklingsorientert kommune.**

4. RETNINGSLINER

Regulering av byggjeområde

- * Det skal utarbeidast ROS-analyse ved regulering av nye byggjeområde.
- * Reguleringsplanar for nye byggjeområde skal oppfylle krav om universell utforming.

Bygging i 100-metersbeltet

- * Kommunen vil vere restriktiv til bygging innafor 100-metersbeltet langs sjøen.
- * I område tilrettelagde for utbygging av fritidshus, og der ein legg til grunn mest mogleg vern av strandsona, må det i reguleringsvedtak gjerast mogleg å byggje flytebrygge / marina, der inngrep i strandsona vert minst mogleg.
- * Der regulerte område grensar mot kvarandre, skal ein mest mogleg prøve å samarbeide om marina, veg og anna infrastruktur.

Spreidd bygging i LNF-område

- * Hyllestad kommune har behov for auka busetnad. Som fylgje av dette legg kommunen til grunn ein liberal praksis når det gjeld spreidd bustadbygging i LNF-område.
- * Ein vil vere restriktiv til spreidd bygging av fritidshus.

LNF-område med kulturminne

- * Områda med tettast førekomst av kvernsteinsbrot, på strekninga Rønset - Myklebust (Hyllestad sentrum) er merka på plankartet som "LNF-område" med skravur for "kulturminne". I desse områda skal førekomsten av kvernsteinsbrot vere retningsgjevande for arealbruken. Områda skal forvaltast i samsvar med ein sektorplan.

Planar og tiltak

- * Kulturavdelinga i Fylkeskommunen skal ha planar for tiltak på høyring for å vurdere tilhøvet til viktige kulturminne.
- * Planar og enkelttiltak i eller i direkte tilknytning til sjø skal føreleggast Bergens Sjøfartsmuseum via Fylkeskommunen.

Fortøying av oppdrettsanlegg

- * Fortøyingane til oppdrettsanlegg kan gå utanfor akvakulturområde.

Rammeplan for avkøyrslar

- * Statens vegvesen sin "Rammeplan for avkøyrslar på riks- og fylkesvegar i Region vest for 2006 – 2009" skal leggst til grunn for kommunen si handsaming av arealplanar og byggjesøknader.

Bruksendring

- * Kommunen legg til grunn ein streng praksis når det gjeld å gje løyve til bruksendring frå bustadhus til fritidshus.

5. HANDLINGSPROGRAM FOR SEKTORANE SI VERKSEMD

5.1. HANDLINGSMÅL

1. Arbeide for:
 - fleire arbeidsplassar i kommunen gjennom m.a. tilrettelegging av næringsareal
 - meir differensierte arbeidsplassar
 - tilgang til ein større arbeidsmarknad gjennom betre intern og ekstern kommunikasjon
 - oppretthalding av primærnæringane
 - utvida fiskeoppdrettsaktivitet og skjeldyrking.
2. Gjennomføre tiltaka i nærings- og kulturplanen.
3. Gjennomføre sentrumsutviklings-tiltak
4. Skape dialog mellom innbyggjarane, næringslivet og kommunen gjennom kontaktmøte med ungdom og involvering i kommunale planprosessar.
5. Hyllestad kommune sine tenesteytarar skal, innafør gjevne økonomiske og formelle rammer, yte god service, og vise ein imøtekommande og respektfull haldning overfor brukarane / innbyggjarane. Ein vil oppnå betre service m.a. gjennom ny web-løysing.
6. Legge til rette for bustadbygging gjennom planlegging og opparbeiding av attraktive bustadtomter.
7. Iverksetje tiltak som fremjar godt omdøme, omsorg, trivsel, dialog og samhandling.
8. Arbeide aktivt for næringsutvikling gjennom Hyllestad næringsråd.
9. Vidareutvikle reiselivstilbodet i samarbeid med Jensbua.
10. Handheve bu- og driveplikt restriktivt, innafør gjeldande lovverk.
11. Vidareføre det gode samarbeidet mellom landbruksnæringa og kommunen gjennom jamnleg kontakt med fagлага.
12. Hyllestad kommune skal ha ei landbruksforvaltning som har kapasitet til å drive utviklingsarbeid.
13. Støtte arbeidet med utviklinga på Lutelandet.
14. Regelmessig oppdatere og gjennomføre kommunale sektorplanar.
15. Halde fram det interkommunale samarbeidet i HAFS og andre samarbeidsorgan, innan barnevern, revisjon, kontrollutval-sekretariat, veterinærteneste, avfallshandtering, IKT m.m.
16. Hyllestad kommune skal tilpasse organisasjonen og tenestene til dei økonomiske rammevilkåra og utviklinga elles i samfunnet.

17. Utvikle Gamleverftet til framtidig næringsområde.
18. Integreere utanlandske arbeidarar.
19. Stimulere til sal av gardsbruk med for eksempel å frådele fritidseigedom på høveleg stad på landbrukseigedomen.

5.2. UNDERORDNA PLANVERK

I tillegg til Kommuneplanen har kommunen fylgjande planverk:

- Plan for kommunale vegar (under revisjon)
- Trafikktryggleiksplan (under revisjon)
- Energi- og miljøplan (godkjend 15.10.2008)
- Plan for utvikling og omstilling i Hyllestad (utarbeidd av kommunen og næringslivet i fellesskap)
- Hovudplan for vassforsyning
- Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet
- Smittevernplan
- Streikeberedskapsplan
- Krise- og beredskapsplan for helse-, sosial- og omsorgstenestene
- Plan for habilitering og rehabilitering
- Plan for krisepsykiatrisk team i Hyllestad kommune
- Plan for Plan- og utviklingsavdelinga

Det nemnde planverket vil til ei kvar tid, saman med Økonomiplanen og årsbudsjetta, tene som ei konkretisering av handlingsmåla for sektorane.

6. AREALDELEN

Arealdelen i kommuneplanen er samansett av eit kart i målestokk 1:50.000 som syner arealdisponeringa for kommunen samla, og tilhøyrande føresegner.

I motsetning til i tidlegare kommuneplanar er det ikkje utarbeidd kommunedelplanar for sentrumsområda. Her er det føresett at noverande reguleringsplanar framleis skal gjelde.

6.1. RETTSVERKNAD

Arealdelen i kommuneplanen er ein overordna plan for bruken av det samla land- og sjøarealet til kommunen, og har direkte rettsverknad. Kommunen kan nekte byggje- eller anleggsverksemd som er i strid med arealbruken i planen eller føresegner knytt til denne (PBL § 20-6).

For bandlagde område (PBL § 20-4 nr.4) er verknaden av arealdelen avgrensa til 4 år frå planen er vedteken i kommunestyret.

Reguleringsplanar og utbyggingsplanar som vert vedtekne seinare og som er i strid med kommuneplanen, vil gjelde framom denne. Prinsippet er at den sist vedtekne planen etter PBL gjeld for arealbruken, når ikkje anna er sagt i planverket.

6.2. SÆRSKILDE FØRINGAR

Strandsoneanalyse for Skifjorden

Etter oppmoding frå Fylkesmannen har kommunen fått utarbeidd ei strandsoneanalyse for Skifjorden, av ekstern konsulent. Bakgrunnen for oppmodinga er området sin status som regionalt viktig friluftsområde i Fylkesdelplan for arealbruk, samt ei tiltakande interesse for utbygging av hyttefelt i området. Det siste gjeld i særleg grad for området Vågane.

I analysen er det med framlegg til 4 område for hyttebygging: Langevåg - Kylpeneset (Ytre Bordvika), Djupevik - Indre Bordvika, Sandalen (utviding mot sørvest), og Austre del av Vågane. Det førstnemnde området er utlagd til føremålet i kommuneplanen frå 1999, men er ikkje utbygd. I framlegget i analysen er området minska med at Kylpeneset er teke ut. Eit bustad-byggjeområde på Laberget er også føreslått i analysen.

Denne planen fylgjer framlegga til plassering i analysen for dei to førstnemnde hytteområda. Området på austsida av Vågane er trekt nordvestover mot Bjørnestad. Tanken bak dette er at området skal få tilkomst til og frå fjorden ved Bjørnestad og at ein dermed unngår bygging i strandkanten og auka trafikk i og rundt Vågane. Med utgangspunkt i det same er utvidingsområdet i Sandalen ikkje teke med i planen.

Det er lagt inn eit nytt byggjeområde for hytter i Klubben, på nordsida av Bjørnestad sentrum. Her er det særskilt tenkt utbygging av utleigehytter. Vi oppfattar dette som eit ”nøytralt” område, der landskap og allmenne friluftsiresser ikkje vil bli særleg skadelidande ved ei fornuftig utbygging.

Det er utarbeidd føresegner for dei nemnde byggjeområda, med m.a. maksimalt tal hytter i kvart område. Desse tala er justert ned ein del samanlikna med råda i strandsoneanalysen.

Nøyaktig tal hytter og detaljane elles i utbyggingane er føresett avklara gjennom reguleringsplan.

Det føreslegne bustad-byggjeområdet på Laberget er også teke med i planen. Området er i gjeldande kommuneplan utlagt til næring.

Naturvern

Rønset naturreservat (edellauvskog) er vedteke oppretta i juni 2009, og er såleis teke inn på plankartet som ”område bandlagt etter naturvernlova” (PBL § 20-4, 1.ledd nr.4).

Kulturminne – kvernstein

Arkeologiske og geologiske undersøkingar dei siste åra har avdekka stadig fleire gamle kvernsteinbrot i kommunen, og særleg på strekninga Rønset - Myklebust (Hyllestad sentrum) er det område med mange steinbrot på eit avgrensa areal. Bortsett frå areala som er omfatta av Rønset naturreservat, er dei sistnemnde områda kartfesta som ”LNF-område med kulturminne”. Der registrerte kvernsteinbrot ligg meir spreidd, er dei kartfesta som einskildbrot, med symbol for fornminne.

Fylkeskommunen har utarbeidd ein forvaltings- og utviklingsplan for kvernstein i Hyllestad. Denne bør integrerast i det kommunale planverket, t.d. i form av ein kommunedelplan.

Føresegner

Med heimel i Plan- og bygningslova av 14.06.1985, § 20-4 2.ledd, er det fastsett slike utfyllande føresegner til arealdelen i kommuneplanen.

BYGGJEOMRÅDE (PBL 20-4, 1.ledd nr. 1)

For alle framtidige byggjeområde som er utlagde i kommuneplanen, er det krav om reguleringsplan før utbygging.

Allment for byggjeområde ved sjø, vatn eller vassdrag

Det skal takast særleg omsyn til strandsona i reguleringsplanen. Ein skal særskilt unngå at strandlina blir dominert av naust, andre bygningar eller tekniske anlegg. Hus og hytter skal plasserast slik at dei blir minst mogleg dominerande i landskapet, og byggeskikken i området skal vere retningsgjevande for storleik, form og farge på bygningane. Detaljane i arealbruk og utforming av bygningane skal avklarast i reguleringsplanen for det aktuelle området.

Bustadhus – Bergane, Espeland

I dette området skal ein først byggje ut dei udyrka areala midt i området og nordover. Dei dyrka areala lengst sør skal berre byggast ut dersom det er naudsynt for å stette trongen for tomter i grenda.

Bustadhus – Laberget

I dette området skal det ikkje byggast nærare enn 50 m frå sjøen.

Fritidshus – Klubben, Bjørnestad

I dette området kan det byggast maks. 20 hytter for utleige, samt 1 servicebygg. Tal hytter må avklarast nærare i reguleringsplan.

Fritidshus – Bjørnestad sør I og II

Her kan det byggast maks. 30 hytter i område I og 20 hytter i område II. Talet må avklarast nærare i reguleringsplan for kvart av områda. Områda kan få tilkomst til fjorden ved båthamn inntil tidlegare utbygd areal på Bjørnestad. Det skal ikkje byggast naust eller sjøbuer i tilknytning til områda.

Fritidshus – Djupevik - Indre Bordvika

I dette området kan det byggast maks. 30 hytter. Talet må avklarast nærare i reguleringsplan.

Fritidshus – Ytre Bordvika

I dette området kan det byggast maks. 20 hytter. Det er krav om reguleringsplan før utbygging, der tal hytter må avklarast nærare. Hyttene skal plasserast minst 30 m frå stranda. Naust og sjøbuer skal samlast og tilpassast området med omsyn til storleik. Eigna badeplassar og rekreasjonsareal i området skal haldast fri for utbygging.

Fritidshus – Ved Teigeelva/-vatnet, Ulvikmarka

I dette området kan det byggast maks. 10 hytter. Talet må avklarast nærare i reguleringsplan. Hyttene skal trekkast opp frå elve-/vasskanten slik at dei ikkje sperrar for allment friluftliv som fising og turgåing langs vassdraget.

Fritidshus – Skiveneset (framtidig)

I dette området kan det byggast maks. 10 hytter. Talet må avklarast nærare i reguleringsplan. Det skal ikkje byggast hytter mindre enn 40 meter frå strandlina.

Fritidshus – Åsmul

I dette området kan det byggast maks. 7 hytter. Talet må avklarast nærare i reguleringsplan.

Fritidshus –Søre Sandvatn

I dette området kan det byggast maks. 10 hytter. Talet må avklarast nærare i reguleringsplan.